

1. Kvernsteinsprisen skal delast ut ein gong i året til kandidatar som har utmerka seg innan nærings- og eller kulturliv over tid.

Prisen kan tildelast både einskildpersonar, lag/organisasjonar og verksemdar, også til kandidatar som for tida ikkje har opphald i Hyllestad kommune.

Ved vurdering av kandidatar skal det innanfor ein av kategoriane leggjast vekt på:

a) næringsliv:

Om kandidaten på ein spesiell måte har vore med å skapa eller skaffa nye og varige arbeidsplassar, eller har trygga og vidareutvikla allereie eksisterande næringsverksemd.

Kva kandidaten har å seie for lokalsamfunnet og næringslivet i kommunen.

Om kandidaten i eigenskap av verksemda si har teke del i å gje kommunen eit positivt omdøme.

Kandidaten si evne til kreativitet og/eller nyskaping.

b) kulturliv:

Lagsarbeid

Miljøskapande arbeid elles

Instruksjonsarbeid

Vidareføring av kulturelle tradisjonar og kulturelle uttrykksformer

Lokalhistoriearbeid

Kunstnarleg verksemd

Arbeid blant born og unge

Å ha representert kommunen på ein framifrå måte gjennom kulturell verksemd

2. Aktuelle kandidatar vert vurdert av eit eige utval som har mynde til å avgjere spørsmålet. Utvalet skal grunngje sitt val.
3. Utvalet skal lyse etter kandidatar i lokalpressa med frist 30.09. Kven som helst kan levere inn framlegg til kandidatar – og for å vere kandidat må ein verta føreslegen same år som prisen skal delast ut.
4. Kvernsteinsprisen kan ikkje tildelast ein kandidat fleire gonger.
5. Innstillingsutvalet for Kvernsteinsprisen har høve til å kome med eigne framlegg til prisvinnar(ar) under sitt møte i utvalet.
6. Ordførar deler ut prisen til den tid og på den måte formannskapet bestemmer.
7. Endringar i desse retningslinene kan berre skje etter vedtak i kommunestyret.

Endringar er vedteke i Hyllestad kommunestyre 25.09.2014.